



SAKSHANDSAMAR
Line Bårdseng
Eva Walderhaug
Kristi Vindedal
Cecilie Askhaven

VÅR REF.
20/09530-2

DYKKAR REF.
2020/45015-17

VÅR DATO
10.09.2020

postmottak@ra.no
www.riksantikvaren.no

DYKKAR DATO

Bremanger kommune
Postboks 104
6721 SVELGEN

2. gongs offentlig ettersyn, reguleringsplan for Steinbrot på Aksla, Bremanger kommune - Motsegn

Riksantikvaren syner til oversending av ovannemnde sak frå Vestland fylkeskommune dagsett 04.06.2020. Delar av faglege tilrådingar om motsegn på bakgrunn av nasjonale kulturminneinteresser vart ikkje fylgt opp av politiske organ i Vestland fylkeskommune. Difor vart saka sendt til Riksantikvaren, som på sjølvstendig grunnlag kan fremja motsegn i saka, jf. underretningsplikta i Forskrift om fastsetting av myndigheit mv. etter kulturminnelova, § 7-3. Dette er etter gjeldande retningsliner innan kulturminneforvaltinga, jf. Forskrift om fastsetjing av myndigheit mv. etter kulturminnelova av 15.2.2019 nr. 127 (ansvarsforskrift a) og Rundskriv T - 4/92 frå Miljøverndepartementet.

Synfaring vart gjennomført 20.08.2020 med deltakarar frå Bremanger kommune, Vestland fylkeskommune, tiltakshavar, Multiconsult og Riksantikvaren.

Landskapet i Frøysjøen med helleristingane i Vingen og andre kulturminne er av nasjonal og internasjonal verdi. Kulturmiljøet syner korleis folk frå steinalder fram til vår tid har tilpassa seg naturgrunnlag, naturressursar og sjøvegen som transportåre. Området er utan større moderne landskapsinngrep, og dei unike kvalitetane ved landskapet er synlege. Det finnest svært få områder av denne type i Noreg, det same gjeld utanfor Noregs grenser.

Riksantikvaren meiner Aksla steinbrot, og særskilt utskipingskai i Frøysjøen, ikkje er akseptabelt for landskapet og kulturmiljøet i Vingen. Steinbrotet og utskipingskaia vil endre landskapet på ein markant måte. Landskapet og kulturminna, med dei verdiane dette har for kunnskap og opplevingar, bør bevarast.

Riksantikvaren reiser difor motsegn til føreslegne reguleringsplan for steinbrot på Aksla.

Saka

Bremanger Quarry AS planlegg å etablere eit steinbrot på Aksla i Bremanger kommune. Etter første gongs høyring er det gjort endringar i planforslaget og konsekvensutgreiinga er supplert med eit notat som syner konsekvensar av det nye planforslaget.

Planen legg til rette for uttak av om lag 130 millionar kubikkmeter/360 millionar tonn stein med lagring og lossing ved Inste Bårdvikneset ved Frøysjøen. Anleggsveg til utskipingsstaden og transport av massar til utskipingsstaden skal etablerast inne i fjellet. Tilkomst til steinbrotet vert via eksisterande anleggsveg frå Dyrstad til Sæترفjellet og ny anleggsveg vidare til Aksla.

Hovudendringane i revidert planforslag er at fjellprofilen/-ryggen til Aksla vert ståande att mot fjordrommet i nord. Det inneber ein reduksjon frå 1200 daa til 836 daa. Det er sett av nye areal for lagring av stein på fjellet, som fører til mindre behov for lagerområde ved sjøen. Det inneber ein reduksjon frå ca. 45 til i underkant av 30 daa. Lagerhaugen for stein ved utskipingskaia er flytta lenger vest for å ligge meir i skjul frå Hennøya og Vingen. For å kunne anleggje lagerhaugen lengre vest er det derimot naudsynt med utfylling i sjø for etablering av nytt landareal. Planområdet er og utvida vestover for å ha tilstrekkeleg areal til fortøyingar for båt. Når det gjeld knuseanlegg var det planlagt i tunnel, men i revidert plan er det planlagt å nytte eit mobilt knuseverk i uttaksområdet i starten. Det er uklart kor lenge eit mobilt knuseanlegg skal vere i drift, men det vart opplyst under synfaringa at det kan dreie seg om omlag fem år.

Kulturmiljø og landskap

Det føreslegne steinbrotet ligg i eit særlege landskap rikt på kulturminne med ulike funksjonar, frå eldre steinalder til nyare tid. Landskapet kring Frøysjøen er i fleire samanhengar trekt fram som verdifullt av Riksantikvaren. No er området med i eit førebels framlegg til registeret over kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse (KULA) i Noreg.

Helleristingsområdet Vingen ligg også slik til at det føreslegne tiltaket må vurderast opp mot det. I tillegg finst det fleire automatisk freda kulturminne rundt det føreslegne steinbrotet. Blant anna eit kollag datert til yngre steinalder med ID 232593, som er i direkte konflikt med den føreslegne planen.

Kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse (KULA)

Riksantikvaren sende 1.7.2020 ut brev til kommunane med førebels framlegg til KULA-område i Vestland (geografisk område tidlegare Sogn og Fjordane). I framlegget inngår området kalla Midtre Bremanger - Skatestraumen - Rugsund og Vingen som eit KULA område.

Grunngjevinga er at dette syner eit framstående døme på korleis folk gjennom ulike tider tilpasse seg til naturgrunnlag, naturressursar og sjøvegen som transportåre. Vingen, Hornelen, Skatestraumen og Rugsundet inngår som markante kulturmiljø i dette landskapsrommet. Dramatikken og samanhengen mellom landskapselementa er svært godt leseleg og landskapet er enno relativt urørt. Landskapsromma og landskapselementa har gjeve opphav til både myter, tru, segn og historier.

Vingen bergkunstområde

I Vingen finn vi ei av Nord-Europas største samlingar av helleristingar, spreidde i landskapet sør langs Vingepollen og nord på Vingeneset. Dei meir enn 2200 helleristingane speglar livet til menneske som levde av jakt og fangst i området for rundt 6000 år sidan. Vingen har unike verdiar knytt til kunnskap og opplevingar og er eit kulturminne av høg nasjonal og internasjonal verdi.

Riksantikvaren har med det som bakgrunn sidan 1996 innvilga meir enn 25 millionar kroner i tilskot til dokumentasjon, sikring og formidling av kulturminne og kulturmiljø i Vingen. Vingen vart landskapsvernområde i 1980 og områdefreda etter kulturminnelova i 2001 for å verne om desse unike verdiane.

Andre kulturminne i området

I samband med kulturminneregistreringane i planområdet i 2017 vart det gjort funn av trekol datert til yngre steinalder på Inste Bårdvikneset og Langeneset. Bergkunst av same karakter som den i Vingen finst òg vestover langs fjorden mellom Vingen og tiltaksområdet, ved Vingelva og Fura og på ein laus stein funne ved Hennøya. Det er òg registrert to skålgroper på fjellet, ikkje langt frå eksisterande steinbrot.

Nord for tiltaksområdet, ved Skatestraumen finn vi eit av dei rikaste funnområda frå steinalderen på Vestlandet. Her er det registrert meir enn 150 buplassar. Det er naturleg å sjå busettinga her i samanheng med bruken av Vingen.

På sørsida av Hennøya ligg ei stor gravrøys og ein runestein. Det ligg òg ei gravrøys rett sørvest for utgreiingsområdet i Nordvindshammen. Det er registrert ei rekke SEFRAK-bygg på Yste Hennøy, og langs fjorden i influensområdet ligg det fleire gardsmiljø med jordbrukslandskap.

Hornelen, Europas høgaste sjøklippe, har vore eit viktig landemerke heilt sidan sagatida og truleg også i førhistorisk tid. Tradisjon, myter og fortellingar knytt til dette fjellet gjer det til eit viktig immaterielt kulturminne.

Fylkesrådmannen i Vestland sine faglege vurderingar

Fylkesutvalet i Sogn og Fjordane gjekk i 2018 til motsegn mot reguleringsplan for steinbrot på Aksla i Bremanger kommune, for fagfelte kulturminne, landskapsbilete og vassmiljø. Planen vart justert og lagt ut på 2. gongs offentleg ettersyn.

Fylkesrådmannen ville oppretthalde motsegna etter vurdering av den justerte planen. Motsegna var grunngjeve i dei samla verknadane dei ulike tiltaka i reguleringsplanen for Aksla steinbrot vil få for eit særskilt viktig nasjonalt kulturhistorisk landskapsområde, som Vingen helleristingsområde er ein del av. Fylkesrådmannen meinte at konsekvensane ved å etablere ei utskipingskai på nordsida ved Frøysjøen ikkje var akseptable sjølv om anlegget er skalert ned samanlikna med førre høyring.

Når det gjeld vassmiljø meiner dei det framleis manglar ei vurdering av om dei føreslegne avbøtande tiltaka er tilstrekkelege til å tilfredsstille krava i vassforskrifta og den regionale vassforvaltningsplanen.

Delar av den faglege tilrådinga frå fylkesrådmannen om motsegn på bakgrunn av nasjonale kulturminneinteresser vart derimot ikkje fylgt opp av politiske organ i Vestland fylkeskommune og saka vart difor sendt til Riksantikvaren.

Riksantikvaren si vurdering av saka

Kjem ein sjøvegen inn Frøysjøen til Vingen er det enno mogleg å sjå landskapet dei såg i førhistorisk tid, då det er utan større moderne landskapsinngrep. Landskapet med kulturminna syner eit framståande døme på korleis folk gjennom ulike tider tilpasse seg til naturgrunnlag, naturressursar og sjøvegen som transportåre. Det spektakulære landskapet med den mektige og markante fjellformasjonen Hornelen har djupe kulturhistoriske røter, og er spegla i myter og

segn og i sagalitteraturen. Hornelen har etter alt å dømme og hatt betydning for plasseringa av bergkunsten i Vingen. Bergkunsten har truleg samanheng med rituell aktivitet i eldre og yngre steinalder. Ein viktig plass for jakt- og fangstsamfunnet, som vart oppsøkt i heilt spesielle høve. Nett dei unike kvalitetane som dette større landskapet hadde i fortida kan vi og sjå i dag.

Riksantikvaren erkjenner at tiltakshavar har redusert arealet for steinbrotet som inneber at ein del av Aksla mot Frøysjøen er tenkt bevart. I tillegg er areala til utskipingskaia reduserte i den føreslegne planen og flytta lenger vest. Det inneber på si side utfylling i sjø for å få nok areal. Det er og utvida vestover for å ha tilstrekkeleg areal til fortøyingar for båt. Samstundes fylgjer det av den justerte planen at knuseverksemda skal gjerast innanfor uttaksområde i starten og ikkje i tunnelen som låg i planen ved 1. gongs offentleg ettersyn.

Endringane betyr etter Riksantikvaren si vurdering lite for den samla verknaden av inngrepet på det unike kulturmiljøet og landskapet. Endringane fører òg til behov for utfylling i sjø, samt gjev meir støy og støv grunna det mobile knuseanlegget som skal nyttast i starten. Riksantikvaren vil òg kommentere at fjellprofilen/-ryggen til Aksla er planlagd ståande att mot fjordrommet i nord. Det er ei endring som i denne saka bør vera positiv.

Utskipingskaia ved Frøysjøen vil innebere trafikk av store båtar og lasting, noko som vil føre med seg støv og støy. Det vil forringe opplevinga av landskapet og er eit uakseptabelt inngrep i dette landskapet og kulturmiljøet. Når det gjeld steinbrotet vil ein kunne sjå kanten på det frå helleristingsområdet i Vingen, og ein vil høyre sprengingane og knuseverksemda. Topografien i Vingepollen skapar spesielle lydforhold og i Vingen kan ein allereie i dag høyre det eksisterande steinbrotet som ligg lenger inn på fjellet enn det planlagde ved Aksla. Ytterlegare støy og støv vil få negativ innverknad på kulturmiljøet og landskapet. Det vil òg bli mogleg å sjå delar av det planlagde tiltaket frå Vingenes. Den samla verknaden gjer at Riksantikvaren meiner det er i uakseptabel konflikt med kulturmiljø og landskap av høg nasjonal og internasjonal verdi.

Riksantikvaren vurderer samfunnsnytte opp mot kulturmiljøverdiane og anerkjenner næringsinteressene, men i dette høve meiner vi tolegrensa for dette viktige landskapet og kulturmiljøet er nådd og at det planlagde steinbrotet ikkje er akseptabelt og vil forringa det. I den samanheng ser Riksantikvaren at i konsekvensutgreiinga er konsekvensen for den kommunale økonomien vurdert til liten positiv.

Andre tiltak

Eksisterande vindkraftverk i området er Hennøy vindkraftverk, og sørvest for dette ligg Guleslettene vindkraftverk. I tillegg kjem Bremangerlandet vindkraftverk som har fått konsesjon, men som ikkje er bygd enno. Det føreligg i tillegg ei godkjend reguleringsplan for steinbrotet Gulestø, som Bremanger Quarry òg er tiltakshavar for, like i nærleiken.

Ein må vurdere den samla verknaden av vindparkar og steinbrot. To av vindturbinane tilhøyrande Hennøy vindkraftverk kan i dag sjåast frå Vingenes. Det syner kor sårbart det mektige landskapet er for inngrep.

Konsekvensutgreiinga

Konsekvensutgreiinga vurderer konsekvensane for kulturminne og kulturmiljø av opphavelag plan som liten negativ. Det er justert til ubetydeleg til liten negativ konsekvens i revidert plan. Når det gjeld landskapsbilete er vurderinga endra frå middels til stor negativ i opphavelag plan

til middels negativ konsekvens i revidert plan. Riksantikvaren er ikkje samd i desse vurderingane. Riksantikvaren vil òg peike på at illustrasjonane ikkje er gode nok.

Etter det Riksantikvaren erfarer var tiltaket då det ble planlagt og lagt ut til offentleg ettersyn, ikkje i samsvar med arealdelen til gjeldande kommuneplan. Det betyr at tiltaket mangla overordna og alternative vurderingar. Kommunen har etter det jobba med Kommuneplanen sin arealdel 2020-2032 som er lagt ut på offentleg ettersyn i mars 2020. I denne er planområdet lagt inn som steinbrot med plankrav.

Konklusjon

Landskapet i Frøysjøen med helleristingane i Vingen og andre kulturminne er av nasjonal og internasjonal verdi. Kulturmiljøet syner korleis folk frå steinalder fram til vår tid har tilpassa seg naturgrunnlag, naturressursar og sjøvegen som transportåre. Området er utan større moderne landskapsinngrep, og dei unike kvalitetane ved landskapet er synlege. Det finnest svært få område av denne type i Noreg, det same gjeld utanfor Noregs grenser.

Riksantikvaren meiner Aksla steinbrot, og særskilt utskipingskai i Frøysjøen, ikkje er akseptabelt for landskapet og kulturmiljøet i Vingen. Steinbrotet og utskipingskaia vil endre landskapet på ein markant måte. Landskapet og kulturminna, med dei verdiane dette har for kunnskap og opplevingar, bør bevarast.

Riksantikvaren reiser difor motsegn til føreslegen reguleringsplan for steinbrot på Aksla.

Beste helsing

Elisabeth Dahle (e.f.)
avdelingsdirektør

Leidulf Mydland
seksjonssjef

Brevet er elektronisk godkjend

Kopi til: Vestland fylkeskommune, Postboks 7900, 5020 BERGEN